



Naturvernforbundet i Tingvoll

Tingvoll, 26.11.2021

Statsforvaltaren i Møre og Romsdal

RAPPORT - UTVALDE NATURTYPAR 2021 – SKARHAUGEN I TINGVOLL – BN00016680

Dykkar ref. 2021/286.

Slått

Mykje av teigen blei slått 23.8.2021. Det blei køyrt eit lass gras denne dagen ved at kvar tredje rast blei raka ut. Det same skjedde dei to neste dagane, litt slått og så raking og bortkøyring av til saman 4 lass.

Den øvre biten hadde dårleg vekst også dette året. Behovet for å redusere timane som følgje av litt lågare løyving gjorde at vi sette att dette området uslått i år. Så vi nøyde oss med å fjerne einstapen. Seinare blei arealet klipt med grasklippar utan at avlinga blei fjerna.

I nedre del er den delen som er slått som plen redusert til det slakkaste arealet. Dermed har vi slått den brattaste delen av plenarealet på same måten som øvre del.

Kantslått blei gjort ganske grundig.

Avlinga blei på 4 lass som i 2019.

Den søraustre eller nedre delen er slått av eigar med plenklippar også i 2021, men altså litt mindre omfang mot nord. Driftsvegen opp til den øvre delen i nordvest er også klipt på same måten.

Hogst

Det står no berre att ei gran i den delen som ikkje blir slått omtrent midt i lokaliteten. Elles er det hogd ein del i nordvest der ein har fått ei avtale om å hogge litt inne hos naboen. Stokkane er frakta bort, og kvisten er flisa opp og lagt i terrenget utanfor lokaliteten.

Artsobservasjonar

Det er lagt inn nokre observasjonar på www.artsobservasjoner.no. Miljøfaglig Utredning bruka lokaliteten for si internopplæring, så det er gjort ein del nye funn.

Avvik

Nedre del blir framleis slått med plenklippar. Hytteeigaren på nedsida og grunneigar er lite innstilte på vanleg slått av dette arealet.

Deltaking

Det er ikkje lett for Naturvernforbundet å arrangere dugnad på lokaliteten, så slåttarbeidet er gjort av Folden grønt og plan, hogsten av eigar.

Økonomi

Det var budsjettert med 20 timar og brukt 18,5 i samband med slåttarbeidet. Mindreforbruket blir bruka for oppdekking av meirforbruk på andre teigar. Mindreforbruket skuldast at ein har sett att eit areal.

Informasjon

Miljøfaglig Utredning si internopplæring får vi rekne også som informasjon.

Aktuelle tiltak neste år

Lita avling på øvste delen skuldast delvis skugge. Det er difor nødvendig å tynne ytterlegare, særleg langs vestgrensa, men også enkelttre andre stader. Etter kvart vil det då bli spørsmål om å ta ut enkelte tre av eik. Elles er det førekomst av kjempespringfrø i nabolaget, som bør få merksemd.

Med helsing

Øystein Folden
Leiar

Kopi: Tingvoll kommune



Figur 1. Bilete frå 26.08.2021, Øystein Folden. Øvre del av teigen før einstapen var fjerna.



Figur 2. Foto 26.08.2021, Øystein Folden. Øvre del av teigen etter at einstapen var fjerna.



Figur 3. Foto 26.08.2021, Øystein Folden. Grensa mellom slått og ikkje slått går litt nedanfor bjørka som står inn mot steingarden.



Figur 4. Foto 26.08.2021, Øystein Folden. Ein del som tidlegare har vore klipt som plen blei i år slått. Grensa går bak grashaugen.